



Dette bøketreet skal skape god og utviklande aktivitet.

Framover kjem det skje saker og ting i det vidare arbeidet med Gull av grus-prosjektet ved skulen i Uskedalen. Nyleg vart det tildelt rause gåver frå Sparebankstiftinga til klatrepark og asfaltering av stiar m.m.. Denne veka vart det som skal verta eit gedigent, sjølv laga klatrestativ tranportert på plass.



John Guddal fekk det svære treet flott på plass.

Vi har tidlegare skrive om to digre bøketre som vart felt på eigedomen til Steinar og Cathrine Haugland like ovanfor Vetelebru. Det eine av desse vart delt opp, og Steinar Haugland transporterte det med traktor og tømmerhengar til **Gull av grus**-området. Den andre vart tranportert udelt med alle sine 3600 kg frå Haugland til sentrum tirsdag kveld. Det var John Guddal som stod for transporten med den svære lastebilen han køyrer i

firmaet Johs. A. Hjelmeland. Den vart no foreløpig plassert saman med delene av det andre treet. John Guddal og Steinar Haugland sjekka nøye at det låg stabilt, for dei rekna med at det ville bli klatreaktivitet umiddelbart.

Bøketrea skal altså verta ein del av klatretilbodet i aktivitetsparken. I tillegg vil det no verta kjøpt inn ulike klatreapparat. Dette er mogeleg etter at Sparebankstiftinga nyleg gav ei flott gåve på 300.000 til denne delen av prosjektet. Ved same utdelinga fekk Uskedal helselag 75.000 til asfaltering av turstiar og treningsapparat rundt om i løypa.

Sparebankstiftinga har også gjeve rause gåver til tidlegare byggjetrinn av prosjektet. Alt før alle byggetrinna er ferdige, kan slå fast at **Gull av grus** er ei kjempesuksess. Kvar einaste ettermidag samlast svært mange til positiv aktivitet på området. I kvart einaste friminutt i løpet av skuledagen er kunstgrasbanen i bruk! Gubba for ein verdi **Gull av grus** vert for Uskedalen!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.